

ARABISK-GASSISKE MANUSKRIFT VED UNIVERSITETETS ETNOGRAFISKE MUSEUM I OSLO

av

LUDVIG MUNTHE

Franskmenne har nytta si kolonitid 1895–1960 på Madagaskar til ganske omfattande kulturstudier på øya. Det har lenge vore kjend at dei m. a. har funne fram ein del gamle manuskript skrevne med arabiske bokstavar, manuskript med både arabiske og gassiske tekstar som er den tidlegaste skrift ein kjenner på Madagaskar. Franske kolonimyndigheter hadde der ein arv å ta opp etter Flacourt (som døydde i 1660), som etter ei ferd kring på øya sende heim til Nasjonalbiblioteket i Paris fleire arabisk-gassiske manuskript.

Mindre kjend har det vore at ein norsk misjonær også var med å dra fram i lyset slike interessante gamle manuskript og at det i over eit halvt århundra har lege 6 slike, med tilsaman 400 store sider, i Universitetets Etnografiske Museum i Oslo.

Saman med ei treplata fullteikna med arabiske bokstavar og underlege teikn har nokre sider av manuskripta vore framlagde i museet sine glasskap. Men heller få har vel lagt stort merke til dei. Dei er i alle høve så vidt ein veit ikkje handsama nærare.

Korleis er dei så havna der? Ein liten notis i Morgenbladet, frå 6. april 1915, fortel at Museet nett då hadde teke mot nokre arabisk-gassiske böker frå misjonsprest Bjørn Elle på Aust-Madagaskar. Journalane i arkivet ved Museet med brevvekslinga mellom Elle og professor Yngvar Nielsen sannar avismeldinga. Elle fortel i brev av 8/3–15, skreve i Rækefjord, at han denne gongen vil gi 3 böker og at han tidlegare «fra Farafangana sendte en taimoro-bog skrevet med arabiske bogstaver.» Så vidt ein kan sjå må denne første sendinga ha kome i 1909. Journalen

nr. 87/1909 fortel om to bøker innbundne i okseskinn, bøker som er komne frå Elle. Under arbeidsbolken 1907–1914 i Farafangana og Vohipeno (sjå E. Danbolt: Det norske misjonsselskaps misjonærer (Stavanger 1948) nr. 127 s. 87) har Elle også sendt heim ikkje berre ei, men to bøker med taimoromanuskript. Elle fortel i brevet frå 1915 at det hadde kosta både tolmod og pengar å få tak i dei. Men som misjonær i taimoro-land hadde han gode kontaktar som gjorde det råd for han å få vera med å verja den gassiske kulturarven. Elle er klår over at dei franske kolonimyndighetene er svært interesserte i slike manuskript, og at han sjølv kunne få visse føremunar om han let dei få funnet. Han var likevel komen til at han ville la Museet i Oslo få det. Alt 6. april svarar professor Y. Nielsen og takkar for gåva og legg oppglødd til: «De er storartet som giver». Prof. Nielsen seier i brevet at han vil koma attende til manuskripta. Men ikkje lenge etter slutta han ved Museet, og det har vore uråd å finna meir oplysingar om dei i korrespondansen.

Den einaste handsaminga som taimoro-manuscripta fekk i Oslo var katalogiseringa som dr. Fonahn tok på seg. Han heldt den tid på med å samla medisinske uttrykk i gamle arabiske manuskript. Difor ser ein i katalogen han utarbeidde over taimoro-tekstane, at han serleg har gått gjennom dei reint arabiske avsnitta. Men han har også gjort seg umake med å slå opp ein del gassiske glosar. Sume av merknadene hans er så pass grundige at ein må tru han under arbeidet har hatt kontakt med Madagaskar-misionærar. Dei opplysingane ein i katalogen finn om dei gassiske tekstane, er likevel jamnt over så tynne og få at dei ikkje på noko vis kan seiast å vera ei bearbeiding av stoffet. Som alt sagt har så vidt vi veit heller ikkje andre sidan gjort noko med dette interessante stoffet. Dr. O. Chr. Dahl nemner i si avhandling Malgache et Maanjan (Oslo 1951) nokre arabiske manuskript som professor Birkeland har uttala seg om. Men det er reint arabiske mss som ligg i manuskriphvelvet på Universitetsbiblioteket i Oslo. Dahl har derimot arbeidd noko med taimoro-bøker som Frankrike disponerer. Dr. J. Ruud har i sine bøker frå Madagaskars religionshistorie gått gjennom manuskript som

ligg i Universitetets Etnografiske Museum, men det er misjonsprest Vigs samlingar av religionshistorisk stoff og omfattar ikkje taimoro-manuskrift.

Vi kan heller ikkje her gi att omsetjing og grundigare orientering om desse arabisk-gassiske tekstane. Det kan derimot kanskje la seg gjera å koma attende til sume av dei i ein annan samanheng. Men det kan likevel vera på sin plass å sjå litt på dei når vi nå først har funne dei fram. — Manuscripta er alle skreve på same slags papir, såkalla taimoro-papir, som taimoro-folket veit å laga den dag i dag. Papiret er vel brukande til skrivepapir. Det er kraftig om enn noko i grovaste laget. Arabarane har truleg lerd gassarane å laga dette papiret samstundes som dei lærde dei skrivekunsten. I dag er papiret salsvare, ikkje som skrivepapir, men som trekk på lampeskjermar o. l. Sume har lært seg å røra ymsefarge blomeblad inn i papirmassen.

Blekket som er nytta i manuscripta er svart som tusj og skinande blankt. Det må elles ha vore meir tjuktflytande enn tusj, og minner kanskje meir om lakkmalning. Oslo-manuscripta er i god stand. Berre det som synbert er eldst, og som journalistane i 1915 fekk opplyst var 300 år gamalt, er noko gulna og skadd både i blekk og papir. Ved første augnekast ser dette manuscriptet ut som ein «palimpsest» der arka har vore nytta til skrift to gonger. Men ved nærmere ettersyn viser det seg at skrifta berre har smitta over frå nærmeste arket. Når det gjeld alderen på dei andre manuscripta, finn ein at dei må vera blitt til først i byrjinga av vårt århundra. Tek ein t. d. mss A–6 (etter Fonahns katalog) så nemner det i ein samanheng årsstalet 1909. Men innhaldet i denne boka er svært gammalt. Sume årstal er skrevne med arabiske tal og rekna etter den arabiske tidsrekning. Men i tillegg til det står det også gjerne skreve med våre tal. Sers interessant er ei tidfesting i A–6 side 10 (venstre) der ein først finn årstalet på gassisk skreve med arabiske *bokstavar* (sivy amby dimampolo sy valonzato sy arivo = attenhundreogfemtini) og deretter får det same årstalet oppgitt med arabiske *tal* og så endeleg med våre tal. Skrivaren i dette manuscriptet er elles tydelegvis best kjend med den arabiske

skrivemåten for han legg fem-talet på ryggen når han skal skriva «moderne»: 18^c 9. I A—5 mss står det s. 49 (høgre), midt inne mellom dei arabiske bokstavane, skreve klosset med latinske bokstavar: «Aja mba hadinoina izaho tompokolahi fa ray amandreny honoo» (= gløym meg då ikkje for eg er (din) far-og-mor.)

Den arabiske innvandringa har sett sine merke på det gassiske språket. J. Sibree Jun. seier i boka «The great Island», (London 1880) s. 152 at «some 60 miscellaneous words have been identified as most probably of arabic introduction». Og han legg til s. 154 med eit sitat frå L. Dahle at «the words of arabic origin are more significant by their quality than their quantity.» J. Sibree seier s. 171 i den siterte boka at såleis skal navnet på innlandssjøen Lac Alaotra vera arabisk av al lut = det salte hav. Dette har Sibree også frå L. Dahle som også gir ei anna forklaring: al lutat kan tyda «the dashing of the waves = the ocean.» Sibree fortel i denne samanhangen at sakalavaene på Vest-Madagaskar kallar havet for «alaotra», og at folk på Madagaskar kjenner arabarane og innbuarane på Komorene som «talaotra», folket på hi sida av havet.

Gassisk har fått sine navn på dagar, på månadar og på astrologiske uttrykk frå arabarane. Dei fleste dagsnavna er laga av arabiske ordenstal, den første, den andre etc. Professor Fleischer i Leipzig hjelpte L. Dahle med å finna ut at dei gamle gassiske månadsnavna er arabiske navn på dyrekretsen, tyren, væren osb. Vidare er gassiske ord for helsingformer, for klær, for pengar, instrument o. l. opprinneleg arabiske. (Sjå L. Dahle sin artikkel i Antananarivo Annual Tôme I 1876 s. 203: «The influence of the arabs on the malagasy language.»)


I fleire av desse Oslo-manuskripta finn ein Koran-sitat på arabisk, også ikkje omskrive til gassisk i det heile. A—5 t. d. tek først med eit sitat frå første sure, så frå nest-siste sure, så frå byrjinga av tredje og deretter frå fjerdesiste sure osb. Dei andre manuskripta har likeeins fleire eller ferre Koran-sitat. Sjølv dei gassiske tekstane er gjerne oppblanda med arabiske uttrykk. Nye avsnitt i den gassiske teksten tek såleis gjerne til med det arabiske Had kitab: Dette er boka. . . Og der manuskripta nyttar

gassisk mål i innleidinga av eit kapitel, er det nett den same arabiske talemåten ein finn: Ity talily milaza. . : Dette er soga. . .


Elles er heile og halve sidene i desse taimoro-tekstane fylte med magiske kantar og mystiske teikn av ymse slag. Dette gjer studiet av dei spanande, men vanskeleg. Den religionshistoriske sida ved desse manuskripta er elles eit studium for seg. Mange av gåtene kan sikkert ikkje løysast utan direkte kontakt med dei taimoro-skrivarar som idag ber arven vidare, og knapt nok då, for sume av teikna ser ut til å kunna ha samband med arabisk stjerne- og lagnadslære, med sikidy og austerlandsk magi frå århundrer attende i tida. Sume gassiske setningar som går att i fleire samanhengar har rimelegvis også magisk verdi. Serleg er det forbanningar (?) i samband med tabu omkring ekteskapen som går att: «Raha (misy) manambady mody an-trano. . .»

Ein fransk granskar som har arbeidd med taimoro-manuskript i fleire år, strekar under deira filologiske verdi. Gjenom desse manuskripta meiner han at ein kan finna att gløymde, opprinnelge ordformer i det gassiske målet. Men han meiner at den historiske verdien er lik null. Ei slik utsegn er reint uskyneleg etter at ein har lese gjennom A—6 mss i Oslo, for her finn ein taimorofolket si soga frå den arabiske invasjonen og til nåtida. Ein får høyra korleis taimorofolket sine arabiske forfedre drog ut for å finna nytt land. Det står elles i dette manuskriptet ganske interresant at dei kom frå «Kanana» = Kanans land. Men samstundes står det at dei drog for skuld eit jordskjelv (?) ved Mekka. Etter den muntlege tradisjonen om dette skal det ha vore indre politisk strid i Arabia som dreiv ein flokk til å dra ut, då rimelegvis etter at dei på handelsferder alt hadde funne fram til Madagaskar. Også namnet på leidarane for ferda fortel noko om kor denne invasjonen kom ifrå. Leidaren, eller kongen som han òg blir kalla, var Ramakararo. Sonen hans heitte Ranalivaziry. Om skrivemåten på navna er litt varierande i ymse manuskript, stemmer det som her fortelst godt med den vanlege tradisjon på Madagaskar om denne innvandringa frå Arabia. Det første navnet Ramakararo skal vera den gassiske omskriving av Reis-Iman-Orkhan-Hieros, og det siste (Ranalivaziry), om-

skriving av Reis-Ali-Vizir. Begge skal vera arabiske navn. Eit anna navn ein finn i A-6 mss. :Ramosanlavary, også kalla Masiry, fører tanken inn på egyptarar (mizraim). Det dette manuskript fortel om ferda over havet, samstavar bra med den vanlege tradisjon om dette slik J. Ph. Rombaka fortel det i boka: Tantaran-drazana. Antaimoro-Antheon (Tananarive 1933). På veg til Madagaskar har arabarane vore innom Aust-Afrika. Av dei 30 som er ombord på skuta på siste etappen er halvparten frå den afrikanske Antaivandrika-stammen. A-6 mss har i grunne lite om sjølve reisa. Tradisjonen veit å fortelja meir dramatisk om uver og om lita von om bering. Men vår tekst har med den klassiske soga om korleis arabarane kom seg frå det med livet. Ramakararo foreslo at nokon skulle kastast i havet for å letta skuta og soleis la seg ofra for å berga dei andre. Lagnaden skulle avgjerda kven som skulle ofrast. Dei var alle ombord samde i det: «Tara iany hoy ie daholo tanatin'ny botry. ..» Leidaren delte så flokken inn i grupper. Frå den gruppa loddet fall på, blei ein kasta overbord kvar gong. Afrikanarne er i manuskriptet merkt av med svarte prikkar og arabarane med kvite runningar. Ordninga av gruppene i båten var slik:



Midten av skuta



Når Ramakararo kvar gong talde til ni og passa på å byrja med ein afrikanar-bås, fall loddet, kva veg han enn talde, alltid på afrikanarar. Teksten fortel at det til sist berre var ein afrikanar att. Om denne soga ikkje nett syner høg moralisk standard, så fortel ho om arabarane si evne til å overleva og vitnar om kunnskap utom det ein skulle venta også i reknekunst.

Manuskriptet fortel vidare om korleis denne flokken med arabarar gjekk opp i folket ved Matitanana-elva på Aust-Madagaskar, om kongane dei sidan har hatt gjenom tidene, om ein som ikkje fekk bli konge fordi han ikkje hadde skjegg (somentra), men som sidan kom sterkt att då han var blitt gamal nok til å ha vunne over sitt handicap. Teksten fortel ættesoga og reknar opp namn i mange generasjonar. Ein får høyra om bustadene i det nye landet, om krig og naud, om skort på mat og om fylgjande folkevandringar nordover til Mananjary. Ein får seinare høyra om konfliktane då hovastammen sine kongar på 1700 og 1800-talet tok til å gjera sine interesser gjeldande også i Taimoro-land, om Hova-kongens sendemenn i Vohipeno og deira problem etc. I det heile syner dette manuskriptet seg å vera ei rik kjelda til kunnskap om farne tider på Madagaskar. Så få dei skriftlege nedslag frå gamle dagar på øya er, vil A-6 mss i Oslo kanskje kunna kasta nytt lys over Madagaskar-soga.

Kanskje desse manuskripta også vil kasta nytt lys over soga om den arabiske invasjonen på Madagaskar. Vi har alt nemnt Egypt i denne samanhengen. M. Frappaz som i 1819 var på granneøyane Komorene og arbeidde med kultursoga der, fann ein tradisjon om at øya Anjouan (Johanna) var folka i det 15. århundre av ein prins frå Egypt, ein muhamedanar som innførde arabisk skrift, arabisk religion og kultur. Sjå Academie Malgache: Collections de documents concernant Madagascar et les pays voisins. Tome I «Les voyages de. . . Frappaz (Antanana-
rive 1939 s. 82 ff.) Det er slett ikkje umogelege at det samstundes også kom ein flokk til Madagaskar av same flyttefolket frå Egypt. Det kunne i denne samanhengen vera av interessa å samanlikna det skriftspråket dei fekk i stand på Komorene mellom swahilitalande innfødde, med det arabisk-gassiske skriftspråket ein finn på Aust-Madagaskar. W. Elliott sine brev frå Anjouan på Komorene i åra 1813–1835 i London Missionary Society sitt arkiv i London (Mauritius-Box I), der ein finn manuskriptet til eit alfabet og ein gramatikk som Elliott utarbeidde, skulle kunna gi utgangspunkt for eit slikt studium.

L. Dahle meiner i boka «Madagaskar og dets Beboere» (Sta-

vanger 1876 s. 72–77) at arabarinnvandringa på Madagaskar i alle høve delvis kan ha kome frå Persia. Etter det skulle taimorostammen sine forfedre vera etterkomrarar etter folk av den Ali-hyllande ismaelitt-ætta. Taimoroane er etter L. Dahle sjølv ivrigé til å kalla seg ismaelittar. Ismael her er ikkje Abrahams son, men ein etterkomar etter kaliffen Ali, leidaren for assasinarriket i Persia. L. Dahle har i gassiske religiøse riter funne uttrykk som ikkje er opprinnleig gassiske og heller ikkje arabiske. Han nemner i 1876 at desse truleg er persiske og at dei i så fall vil vera eit argument for tanken om også ein arabisk invandring til Madagaskar frå Persia. L. Dahle seier at han vil «ha dette i kikkerten for fremtidige undersøgelser» (s. 76). Så vidt vi veit har korkje L. Dahle eller andre sidan gjort stort med dette. Men vi merkar oss med interesse dr. Fonahns påvising av at sume av avsnittsoverskriftene i taimoro-manuskriptet A.8 i Oslo er persiske. Det var nett slike peikepinnar L. Dahle var på leit etter for å byggja under teorien om Persisk innvandring på Madagaskar.

Når det til nå har vore vanskeleg å få greide på desse gamle taimoroskriftene, heng det saman med at dei har vore heilage og difor tabu for folk. Små rullar med trylleformularer skrevne med denne arabiske «sorabe»-skrifta var det einaste folk flest fekk lov å ha. Utvalde skriftlærde har hatt løyndlege oppdrag som berarar av taimoro-arven. Dei har hatt hand om dei gamle manuskripta, har reproduisert og kopiert det eldste, har brent det utsletne så ingen uvedkomande skulle få tak i det. Dei har hatt skriveskular for unge som på serleg vis var utpeika til å bera arven vidare. Slike skular finst visseleg framleides. Eit av dei mest interessante av Oslo-manuskripta er nett ei slik lære- og øvingsbok i skrivekunst. Men det synest alltid å ha vore slik at berre ein liten flokk kunne kunsten, ja at berre ganske få skulle kunna skriva.

Når franske styresmakter trass tabu og mystikk omkring desse bøkene har fått tak i og berga ein del, så heng det saman med den særlege makt og posisjon dei hadde. Når likeeins misjonsprest Elle har makta å få tak i nokre slike manuskript, vitnar

det om den store åndelege og sosiale posisjon han hadde hjå folket der Aust, som misjonær og åndeleg «far-og-mor», og som fredsdomar mellom folk.

Tabuforestillingane i samband med taimoro-bøkene har idag mist noko av sin styrke. Gassarar med interesse for si eiga soga blir meir og meir merksame på dette tidlege skriftspråket. Til gjenge til desse bøkene opnar også nytt stoff for filologiske studier i det gassiske språket ikkje berre om den arabiske påverknaden på austkystdialektane, men til heile språksoga på øya.

Men når tabuforestillingane kring denne skrifta er mildna, er fåren der for at interessa for å halda taimoro-stammen med fullrøynde skrivrarar kan minka. Det er då å vona at det unge universitetet i Tananarive vil ta opp arven etter dei skriftlærde i taimoro-land. Avisene i Tananarive melde nyleg at universitetet i 1963 fekk tilsendt 6–7 taimoro-manuskrift frå Aust-Madagaskar. Det lovar vel.

Det vil sjølv sagt også vera av interesse for Madagaskar å få samla dei taimoro-manuskrift som er spreidde ut over verda. Med velvilje frå professor Gjessing ved Universitetets Etnografiske Museum, og med god hjelp frå personalet ved Museet, særleg fruene Johannesen og Heldal, var det råd å få fotografert alle taimoro-manuscripta som ligg i Oslo. Universitetet i Tananarive har då sjansen til i alle fall å få kopi av desse manuscripta.

Det synter seg at det heller ikkje var vanskeleg å få foto-kopi av eit arabisk-gassisk mss. som ligg i den orientalske avdelinga av Britisk Museum katalogisert under nr. 18141. Manuscriptet er ei gåva til Museet frå guvernør Farquhar på Mauritius, og brev i arkivet ved Britisk Museum fortel at det kom til England i 1850. Det som er det mest interessante med dette manuscriptet, er at det inneheld m. a. eit brev skreve med arabiske bokstavar av kong Radama I eller hans taimoro-sekretærar. Når Britisk Museum berre har dette eine arabisk-gassiske manuskrift på til saman 10 sider syner det kor sjeldan den store samlinga i Oslo er.

Elles skal det etter Grandidier sin store Bibliografi frå Madagaskar finnast brotstykke av taimoro-manuskrift i Tyskland, ja endå til i Vatikanet. Men dei fleste finst som rimeleg er i Frankrike.

Spør ein så etter arbeid basert på desse manuskript, må ein også gå til Frankrike. I Academie Malgache sine publikasjonar finn ein noko stoff om dei mest kjende manuskript. Den fransk-protestantiske Madagaskar-misjonæren Mondain har såleis publisert og kommentert eit brev som taimoro-stammen sende til kong Radama. Universitetet i Alger med sine franske spesialistar i arabisk har lagt ned adskillig arbeid på sume av dei manuskript som Flacourt sende til Paris i gamal tid. Dei har offentleggjort artiklane sine om dette stoffet i Publications le l'Ecole des Lettres d'Alger. Såleis har Gabriel Ferrand skrevet om «Les musulmans à Madagascar» (1891). Han har også i Memoires de la Société de linguistique, bind XII i 1902 skrevet «Notes sur la transcription arabico-malgache». G. Ferrand kunne både arabisk og gassisk. I Bulletin de Correspondance Africaine. Publications de l'Ecole des Lettres d'Alger 1902 skreiv E. F. Gautier «Notes sur l'écriture antaimoro». Mest kjend frå nyare tid er Julien sine arbeid over gamle og nye antaimoromanuskript omkring 1930.

Alle dei her nemnde, sjølv om dei meiner taimoromanuskripta er interessante og har historisk og filologisk verdi, er samde om at det var ei lukka for Madagaskar at likevel ikkje det arabiske alfabet blei endeleg lagt til grunn for utbyggjinga av skriftspråket. Det var LMS-misjonærane Jones og Bevan som etter å ha studert dei ymse sider, tok avgjerd om dette. D. Jones fortel i brev av 17. februar 1823 til sin kolega D. Griffiths at der alt frå første tid var visse prinsipspørsmål som blei «agreed to and resolved upon between me and my departed colleague Mr. Bevan relative to the Madagascar language. . . It was agreed to and resolved upon 1 st. that we adopt the Roman characters in writing the Malagash language. . .» Kong Radama I som sette seg utruleg godt inn i desse spørsmåla, var sidan samd i dette vedtaket. Han tykte det arabiske alfabet därleg låg til rette for skriving av eit konsist gassisk. At vedtaket var til beste for språket, for omsetjinga av Bibelen og for utviklinga av kulturliv på Madagaskar skynar ein når G. Ferrand i ein av sine publikasjonar kan syna at visse tristavelsesord i taimoromanuskripta kan ha opptil 216 varierande skrivemåtar.